



# Plaststrategi

Ein plastfri natur og eit plastfritt hav i Vestland.



Vestland  
fylkeskommune



Prosjektansvarlege for Vestland fylkeskommune sin  
plaststrategi vedteken 2020: Spesialrådgjevar vassforvalting,  
Sveinung Klyve

Prosjektleiar for tiltak mot marin forsøpling i Vestlandsrådet,  
Gudrun Kristin Fatland

Vedteken i Vestland fylkesting juni 2020.

Lenke til protokoll: <https://innsyn.vlfk.no/Innsyn/DmbHandling/ShowDmbHandlingDocument?dmbId=1908&caseType=Protokoll&registryEntryId=58546&sourceDatabase=>

*Forsidebiletet viser rydding på Sotra april 2018. Fotograf: Sveinung Klyve*

# Samandrag

Arbeidet med denne plaststrategien for Vestland fylkeskommune starta etter oppdrag frå fylkestinget juni-2018 etter interpellasjon frå det politiske partiet SV ved Aud Karin Oen.

EU-kommisjonen kom i 2018 med plaststrategi der EU ynskjer å forby ulike typer unødvendig eingongsplast. FN har vedtatt ein nullvisjon om tilførsel av plast til havet.

Nasjonalt arbeidar ein med å få på plass tilsvarande strategi, vidare er det mange kommunar i landet som arbeider med utfordringane med plast i naturen. Bergen kommune som blant anna har sin eigen plaststrategi.

Målsetjinga er at Vestland fylkeskommune (VLFK) skal hindra at plastavfall kjem på avvege, og redusera bruken av plast i eigen organisasjon. VLFK skal også leggje til rette for innovasjon og utvikling innanfor

næringslivsaktørar, forsking og andre aktørar som Skjærgårdstjenesten og friluftsråd.

Plaststrategien skal synleggjere og avklare regionalt prioriterte satsingsområde, verkemiddelbruk og målsetjing for handtering og bruk av plast i Vestland fylkeskommune. Strategien skal gje forankring og føringar til administrasjonen sitt daglege virke.

Denne strategien har blitt utarbeida parallelt og i samsvar med Vestlandsrådet sin plaststrategi 2020- «Ein plastfri fylkeskommune, ein plaststrategi for Vestlandet».

Dette er Vestland fylkeskommune sin første samordna plaststrategi, men fylkestinget var tidleg ute med å gje årleg tilskot til rydding av marin forsøpling i fylket før nasjonale styresmakter kom på banen. Dette var med på å bidra med finansielle midlar til friluftsråd til å utvikla Hordalandsmodellen som har vorte nasjonalt leiande i arbeidet mot marin forsøpling.

Denne plaststrategien blei vedteken i Vestland fylkesting 9.-10. juni 2020.



# Innhald

Samandrag .....	3
1. Innleiing .....	5
2. Visjon .....	6
3. Hovudmål for Vestland fylkeskommune .....	6
4. Delmål for Vestland fylkeskommune .....	6
5. Tiltak og handlingsplan .....	7
6. Bakgrunn .....	10
7. Status på arbeid som Vestland fylkeskommune har bidratt med .....	10
8. Fylkeskommunen samarbeider med ulike aktørar knytt til arbeid tiltak mot marin forsøpling .....	12
9. VLFK gjev årleg tilskot til idrettsanlegg (spelemidlar) .....	13
10. Innovasjon og forsking .....	14
11. Førebyggjande arbeid .....	14
12. Vestlandsrådet .....	15
13. Eu sin plaststrategi frå 2018 .....	16
14. Nasjonal strategi .....	16
15. Bergen kommune sin handlingsplan .....	17
16. Lenker til aktuelle dokument.....	17



Biletet viser eigarlaust marint avfall på Nessulløyna i Øygarden 2019.  
Fotograf: Gudrun Kristin Fatland.

## 1. Innleiing

Fylkeskommunen er ei stor verksemd, med stort forbruk i eigne eininger og stor påverknad i samfunnet. Marin forsøpling er eit aukande internasjonalt problem som alle må jobba med. Gjennom miljøleining og årleg miljørapportering skal planar for og resultat av arbeidet med ytre miljø skildrast. Tiltaka knytt til innkjøp og handtering av avfall er særleg relevante for plastforsøpling. Dei fleste verksemdene i fylkeskommunen er miljøsertifiserte.

Fylkestinget var tidleg ute i 2017 med å gje årleg tilskot til rydding av marin forsøpling i fylket før nasjonale

styresmakter kom på banen. Dette gjorde at friluftsråda kunne mobilisera friluftsråda og frivillige til rydding.

Bergen og omland friluftsråd - BOF utvikla den tidlegare kalla Hordalandsmodellen, nå BOF modellen som har vorte nasjonalt leiande. Det er på bakgrunn av denne samhandlingsmodellen at Vestlandsrådet beståande av dei fire fylkeskommunane; Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal i 2018 tilsette eigen prosjektleiar for å jobba med marin forsøpling for økt fokus og sam- koordinering innanfor strandrydding, botnrydding og førebygging av marin forsøpling.

## 2. Visjon

**Vestland skal ha null tilførsel av plast til naturen, ein plastfri natur og eit plastfritt hav.**

## 3. Hovudmål for Vestland fylkeskommune

1. Unngå plast på avvege.
2. Bidra til eit reint og plastfritt hav og miljø.
3. Vera leiande og inkluderande i arbeidet mot marin forsøpling.
4. Leggje til rette for at interkommunale aktørar, organisasjonar, næringsliv og forsking er med på å løysa utfordringane med plast.
5. Redusere plastbruken i eigen verksemd med minst 40% og mobilisere til redusert plastforbruk i samfunnet innan 2023.
6. Plaststrategien for Vestlandrådet er eit ledd i utvikling av ein heilskaplege klima- og miljøstrategi i samlede avdelingar og seksjonar i fylkeskommunane på Vestlandet.

## 4. Delmål for Vestland fylkeskommune

1. Søkje samarbeid med kompetanse- og fagmiljø, og bidra til regional samhandling, og initiere ulike tverrfaglege prosjekt.
2. Arbeide for å plassere operasjonelt ansvar og etablere føreseielege nasjonale finansieringsløysingar for profesjonelle aktørar som arbeider med rydding og handtering av avfall på avvege.
3. Arbeide for å etablere produsentansvarsordningar for å standardisera typar plast og auka gjenvinningsgraden. Vestland fylkeskommune skal samarbeide med EU om å innsnevre plastproduksjon til berre plasttypar som kan resirkulerast.
4. Bidra til Vestlandsrådet sitt arbeid med marin forsøpling og ha tett samarbeid med fylkeskommunar, kommunar, fylkesmenn og andre aktørar.
5. Vera ein retningsleiaende innkjøpsinstans som velge bort unødvendig plast og framskyndar avskaffing av eingongsplastartiklar i eiga verksemd før nasjonale regular gjennom innretting av eigen innkjøpsstrategi i samsvar med avfallshierarkiet.
6. Auka arbeidet med formidling og handlingsskapande arbeid av temaet på vidaregåande skular og andre utdanningsinstitusjonar til dømes med Nasjonal digital læringsarena (NDLA).
7. Støtte friluftsråda sitt arbeid med rydding av marin forsøpling og stimulere frivillige til å rydde strender og informere om plast- og marin forsøpling.
8. Arbeida for å etablira mottak for eigarlaust avfall i alle våre fiskerihamner for frivillige og fiskarar som ryddar og for å få på plass godkjende avfallsplanar for alle hamner i tråd med EU sitt skipsavfallsdirektiv..
9. Plaststrategien blir implementert som eit ledd i utviklinga av ein heilskapleg klima- og mijøstrategi i samlede avdelingar og seksjonar

- i fylkeskommunen. Det vil blant anna bli gjort i det årlege interne miljøhandlingsprogrammet for fylkeskommunen..
10. Auke mengda med resirkulert plast frå eige avfall til 100% innan 2023.
  11. Styrke samarbeid med næringslivet for å løyse plastutfordringa og styrking av våre viktigaste verktøy her. Fylkeskommunen skal bidra til utvikling av ny teknologi og fleire arbeidsplassar knytt til rydding av plast.

## 5. Tiltak og handlingsplan

### Tiltak for heile organisasjonen:

- Forby eingongsplast der det finnst andre alternativ.
- Utarbeida handlingsplan for ulike arbeidsområde og ansvarsområde i fylkeskommunen.
- Etablere kampanjar som sett fokus på marin forsøpling til dømes i eigne kommunikasjonskanalar, som vidaregåande skuler, ferjer etc.
- Unngå plastavtrykk og plast på avvege i miljø.
- Bidra til arbeid med marin forsøpling og ha tett samarbeid mellom fylkeskommunar, kommunar, fylkesmenn, Senter for oljevern og marint miljø (SOMM) og andre aktørar.
- Søkje samarbeid med kompetanse- og fagmiljø, og bidra til regional og nasjonal samhandling, initiere ulike tverrfaglege prosjekt.
- Involvere organisasjoner, næringsliv og forsking i arbeidet med på å løysa utfordringane med plast.
- Tiltak knytt til ulike oppgåver uavhengig av ansvarsområda i organisasjonen:

- Regulere forbruk og avfall av plast gjennom reglar, anskaffing og interne innkjøpsavtalar.

### Regionalplan

- Oppmode til reduksjon av plast ved uttale i plansaker.
- Betre mottakskontroll av massar for å redusere gjenvinning av forureina massar med plast.
- Sjå plast i regional samanheng med regional transportstrategi.
- Oppmode om 100% gjenvinning av massar, framfor nye uttak for å unngå plastforureining ved spreieing av elektrisk sprengingsladning dekkja av plast.
- Sikre anlegg, kvalitetssikre vedlikehaldsrutinar knytt til tidsintervall for byting/endring av dekke, moking, og generell sikring av området etc.
- Avfallsplanar for fylkeskommunale eigedomar.
- Stille krav til leverandørar om å avgrense bruk av plast i fylkeskommunale oppdrag.

### Innkjøp

- Kartlegge relevante innkjøpsforsa for innkjøpsavdeling.
- Utvikle rutinar og innkjøpskriterium for reduksjon av plastforbruk.
- Foreta interne innkjøpsvurderingar i samsvar med ressursar på miljø.
- Leggje til rette for å reduserer bruk av ulike typar plast.
- Leggje til rette for å auke resirkulering og gjevingsgraden av den plast som kan takast i bruk.



Biletet viser skytestreng med plast i naturen.  
Foto: Sveinung Klyve.



Biletet viser foredrag om marin forsøpling med NJFF/Tam Kenneth Bruvik, Bof, Norce på Amalie Skram vidaregåande skule. Foto: Gudrun Kristin Fatland

## Opplæring

- Informere og kommunisere kunnskap om plast- og marin forsøpling og drive handlingsskapande arbeid knytt til opplæring.
- Auka arbeidet med formidling og handlingsskapande arbeid av temaet på vidaregående skular og andre utdanningsinstitusjonar til dømes med Nasjonal digital læringsarena, Erasmus, EØS og andre relevante program.
- Arbeide for at alle opplæringsinstitusjonar har kjeldesortering, plasthandtering, redusert plastforbruk, oppsamling av pantefasker og er ein bevisst innkjøper og forbrukar.
- Leggje til rette for at alle skulane er ute å ryddar plast i naturen med elevane sine.
- At kvar skule adopterer ein strand/område, og ryddar område 3 gonger årleg med sine elevar.
- Arbeide for eit normkritisk syn på utbreidd bruk av plast i den aktuelle bransja til yrkesrelatert opplæring.
- At alle skular lager ein eigen strategi for reduksjon av eingongsplast, kor dei legg til rette for elevmedverknad i utarbeiding og evaluering av strategien.
- Skuler vert oppmoda om å bidra til å auke kunnskapen om plast på avvege gjennom å kartlegge plasten dei rydder, ved hjelp av kartleggingsverktøy som plastjakten.no, miljolare.no og ryddenorge.no

## Tannhelse

- Reduserer plastbruken og variasjonar av ulike plast typar i eigen verksemd, og velje bort unødvendig eingongsplast.
- Kjeldesortere plast til gjenvinning.

- Velje leverandørar med produsentansvarsordning i ein sirkulær økonomi.

- Velje bort plastleker som premierung til barn.

## Samferdsel og kystressursforvaltning

- Ta imot eigarlaust marint avfall på de fylkeskommunale hamnene.
- Implementerer plaststrategi i avfallsplan for mottak og handtering av eigarlaust marint avfall i alle hamnar, fiskerihamner spesielt.
- Velje naturprodukt ved innkjøp av brøyttestikker.
- Unngå plastavtrykk og plast på avvege i miljø.
- Ved eksempelvis: snømoking og handtering av snø som er måka, vegvasking, kummar, brøyttestikker, generelt vedlikehald.
- Støtte friluftsråda, Skjærgårdstjenesten, andre interkommunale aktørar i arbeid knytt til tiltak mot marin forsøpling og opprydding av marin forsøpling.
- Legge til rette for og støtte opp under ein utviding av Skjærgårdstjenesten og Vestkystparken på heile Vestlandet.
- Legge til rette for andre aktørar sitt arbeid knytt til tiltak mot marin forsøpling og rydding av marin forsøpling.

## Kultur og idrett

- Leggje til rette for og føretrekke berekraftige og naturlege uteareal, kunstgrasbaner og fritidsområde utan plast og gummidekker. Vestland fylke må i samarbeid med idretten finne alternativer til kunstgress med gummigranulat på noverande kunstgrasbaner og vere pådrivar for innovasjon og utvikling på dette feltet. Det må og vere ein klar målsetnad at alle kunstgrasbanene i Vestland som bruker granulat

får installert filter eller andre tiltak som hindrar at mikroplast hamnar i avlaupssystemet.

- Minimerer forbruk og oppmode om gjenbruk og leggje til rette for grøne og plastfrie arrangement.
- Oppmode om kutt av unødvendige plastprodukt, som eingongs plastbestikk, glas, koppar, fat og sugerøyr ved tilskot til arrangement og liknande.
- Støtte friluftsråda, Skjærgårdstjenesten, andre interkommunale og andre aktørar sitt arbeid med rydding av marin forsøpling og stimulere frivillige til å rydde strender og informere om plast- og marin forsøpling.
- Sikre anlegg, kvalitetssikre vedlikehaldsrutinar knytt til tidsintervall for byting/endring av dekke, moking, og generell sikring av området etc.
- Avfallsplanar for statleg sikra områdar.
- Oppmode til reduksjon av plast ved uttale i plansaker.

## Innovasjon og næringsutvikling

- Leggje til rette for verkemiddelapparatet kan stimulere næringsliv og offentleg sektor til å finne løysningar til plast utfordringa på ein langsiktig og berekraftig måte.
- Arbeide for å etablere produsentansvarsordningar for å standardisera typar plast og auka gjenvinningsgraden..
- Støtte opp under og leggje til rette for alternativ for plast og stimulere til innovasjon, forsking og utvikling.
- Fylkeskommunen skal bidra til utvikling av ny teknologi og fleire arbeidsplassar knytt til rydding av plast.

## Energi, miljø og klima

- Interne fylkeskommunale tiltak vert konkretisere i handlingsprogram og miljøstyringssystem.
- Arbeide for at mikro- og nanoplast blir karakterisert som ein miljøgift.

## Nasjonalt

- Arbeide for at mikro- og nanoplast blir karakterisert som ein miljøgift.
- Arbeide for at myndighetene har

ressursar til å fylge opp forureiningslova med preventive sanksjonar.

- Arbeide for at operativt ansvar for opprydding av plast kjem innunder forureiningslova nasjonalt.
- Arbeide for å plassere operasjonelt ansvar og etablere føreseielege nasjonale finansieringsløysingar for profesjonelle aktørar som arbeidar med rydding og handterer avfall på avvege og marin forsøpling.
- Vere ein pådrivar for at Noreg vert ein føregangsnasjon i arbeidet for plastreduksjon og mot forsøpling.
- Arbeida for at avfallshierarkiet vert førande for den nasjonale avfallspolitikken.
- Vere ein pådrivar for Noreg innfører forbud mot eingongsplast og arbeida for ei offensive implementering av EU sitt eingongsplastdirektiv kor Noreg går lenger einn minimumskrava i direktivet.
- Arbeida for at Noreg fylgjer opp EU sitt mål om å fasa ut bereposar i plast.
- Arbeide for at det i større grad brukast resirkule plast i nye plastprodukt, og at produkta må utformast med mål om lenger levetid, at dei kan reparerast og gjenvinnast til nye produkt.
- Arbeida for innføring av krav om oppsamling av mikroplast for å stoppe utslepp til miljøet
- Arbeida for auka forsking på miljøvenlege materiale som kan erstatta plast og farlege stoff i plast.
- Arbeida for at plast som er vanskeleg å resirkulere, til dømes svart plast, ikkje lenger kan nyttast som emballasje.
- Arbeida for innføring av krav om gjenvinning av plastmateriale frå bygg- og anleggavfall.
- Arbeida for forbod mot bruk av isopor som flyteelement og i anna utandørs verksemd.

## Internasjonalt

- Arbeide for at mikro- og nanoplast blir karakterisert som ein miljøgift.
- Arbeide for at det blir etablert berekraftige internasjonale og nasjonale avtaler og retningslinjer for makro, mikro- og nanoplast.
- Vestland fylkeskommune skal samarbeide med EU om å innsnevre plastproduksjon til berre plasttypar som kan resirkulerast

## 6. Bakgrunn

Plast er menneskeskapt og forureinar havet, vår felles verdfulle ressurs. Plast brytast ikkje ned på lik måte som eit biologisk naturprodukt, men blir til mindre plast bitar; kalla mikro-, og nanoplast. Forskarar har konstatert at vi er omgitt av mindre plastpartikler i jordsmonn, drikkevatn, luft og nedbør. Plankton, små og store dyr dør av å ete plast, hengje seg fast i garn, nøter og liknande. Vi er omgitt av plast, og vi finn den og i vårt eige fordøyelsesystem der den kan taes opp i menneskekroppen. Det er mange spørsmål me enda ikkje har svar på, og me har behov for meir forsking for å sjå nærmare på kva konsekvensar den minste plasten har for naturmangfaldet, maten og helsa vår.

Berekraftige og alternative løysningar utan plast må prioriterast, innovative løysingar for alternativ nedbrytingsprosess, og meir effektive og betre reinsemetodar av massar og vatn må til. Dette i tillegg til at vi må arbeide for å fiske ut den unødvendige plasten og redusere ulike typar og variasjonar av plast, slik at den plasten som vi faktisk nyttar oss av kan gjenvinnast og bli ein del av den sirkulære økonomien på ein god og berekraftig måte.

Me må erkjenne den globale miljøutfordringa med plastavfall og følge opp internasjonale og nasjonale mål og retningslinjer.

Særleg relevant for plastutfordringane er FN sine berekraftsmål nummer 6 om reint vaten og gode sanitærforhold. Nummer 11 om berekraftige byar og samfunn, FN berekraftsmål nr. 12 om ansvarleg forbruk



Figur ovenfor viser ulike eksempler på nedbrytingstid av plast og andre objekt. Kjelde: [www.Miljostatus.No](http://www.Miljostatus.No)

og produksjon og mål nummer 14 – liv under vatn, nr. 15 liv på land . Mål nr 17 minner oss på at samarbeid er naudsynt for å nå måla. FNs miljøforsamling vedtok 06.12.17 einstemmig ein nullvisjon for plastforsøpling av havet. Dette er ein viktig milepåle for det internasjonale arbeidet mot plast- og marin forsøpling.



- 6: Reint vaten og gode sanitærforhold.
- 11: Berekraftige byar og samfunn.
- 12: Ansvarleg forbruk og produksjon.
- 14: Liv under vatn.
- 15: Liv på land.
- 17: Samarbeid for å nå måla.


Figur ovanfor viser fn sine 17 bærekraftmål

## 7. Status på arbeid som Vestland fylkeskommune har bidratt med

Fylkesutvalet i Hordaland gjorde 23.02.2017 fylgjande vedtak: «Plast som er kasta i naturen er eit stort problem fordi mykje av plasten kan innehalde giftige tilsetningsstoff som kan leke ut og at fuglar og dyr kan skade seg på det, ved enten å ete det, eller setje seg fast i avfallet. Etter at ein sjeldan kval nyleg døde på Sotra i Hordaland i 2017 som følgje av inntak av store mengder plast har mange frivillige engasjert seg for å samle inn plast som ligg slengt i naturen. Dette avfallet

må handterast. Hordaland fylkeskommune ynskjer å bidra til dugnaden. Fylkesutvalet set av 750 000 kroner til tiltaket i 2017. Midlane skal kanaliserast gjennom Bergen og omland friluftsråd for tiltak i heile Hordaland.»

For 2018 vart ytterlegare 1 million kroner gjeve frå Fylkestinget til friluftsråda i Hordaland via BOF til same tiltak med opprydding av såkalla eigarlaust avfall på strender i Hordaland. Desse midlane og arbeidet har



gjeve resultat slik at «Hordalandsmodellen» til BOF har fått nasjonal merksem og BOF har også fått fleire millionar kroner fra Miljødirektoratet si utlysing til tiltak mot marin forsøpling. BOF driftar 230 friluftsområde for 17 kommunar i Hordaland, og er vorte ein viktig aktør i arbeidet med marin forsøpling.

Fjordane Friluftsråd har sidan 2019 og mottatt midlar i frå Miljødirektoratet til å arbeide med tiltak mot marin forsøpling, og arbeidar med å etablere Skjærgårdstjenesten i Fjordane friluftsråd. Friluftsrådet Vest er etablert i den sørlege delen av Vestland og har og gjort ein fantastisk ryddeinnsats i sin region. Fylkeskommunen gjev gjennom spelemiddelordninga tilskot til kunstgrasbanar, som er ein av dei store bidragsytarar av plastgranulat til naturen. Her blir det jobba med meir miljøvenlege løysingar på lokalt og nasjonalt nivå.

Fylkestinget i Hordaland sine løyva midlar til plastrydding.

**2017: 0,75 mill. 2018: 1 mill. kr 2019: 1 mill. kr**

Det er i 2020 og satt av ein million til friluftsråda til tiltak mot marin forsøpling.

Friluftsråda i Vestland, BOF, Friluftsråda Vest og Fjordane Friluftsråd har samla inn fleire hundre tonn med eigarlaust marin avfall i samarbeid med frivillige, skuler, elever, lag, kommunar, organisasjonar, næringsliv. Renovasjonsselskap har handtert avfallet som er samla

inn. Visar til BOF deira kommunikasjon og samhandlingsmodell som blyst i figur ovananfor.

Den døde kvalen på Sotra i Hordaland full av plastposar i 2017, fekk folk og nasjonale styresmakter til å vakne.

Oppfølgingsarrangementet eitt år etter den 25-26. april 2018, «Arven etter plasthvalen/ The Plastic Whale Heritage», samla 200 personar frå 14 ulike nasjonar som både rydda plast og deltok på ein stor konferanse på Sotra. Ein konferanse ein kunne gjennomføre med midlar via BOF, og tilskottstildelinga frå HFK. Ein ny Plastic Whale Heritage konferanse er planlagt å gjennomføre i 2020, med blant anna tilskotsmidlar i frå tidlegare Hordaland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune har alt i dag godt samarbeid med Bergen kommune og forskinga gjennom Norce om plastforsøpling og fleire av våre vidaregåande skular har vore involvert i forskings- og ryddeprosjekt. Det var sett av kr 100 000 på klimabudsjettet til at VLFK sine vidaregåande skular etter søknad skal få stønad til å setja i gang slike prosjekt i 2018–2019.

Vestland fylkeskommune sit og i Nordsjøkommisjonen NSC som er eit den politisk samarbeid, i dag beståande av 8 styresmaktar rundt Nordsjøen. Den marine gruppa i Nordsjøkommisjonen har og sett opp felles mål for arbeidet med marin forsøpling.



Bildet viser ryddig på sotra i 2019. Foto: Sveinung Klyve

## 8. Fylkeskommunen samarbeider med ulike aktørar knytt til arbeid tiltak mot marin forsøpling

- BOF, Friluftsrådet Vest, Fjorande friluftsråd, andre interkommunale organ, og organisasjonar.
- Vestlandsrådet, andre fylkeskommunar.
- Nordsjøkommisjonen.
- Forskningsmiljøet i Nore.
- Havforskinsituttet.
- Bergen og andre kommunar
- Næringslivet.
- Nasjonale styresmakter.
- Senter for oljevern og marint miljø.
- Fylkesmannen i Vestland, Fylkesmannen i Rogaland, og Fylkesmannen i Møre og Romsdal.
- Kystverket.
- Handelens Miljøfond ved rørande finansiering og ulike prosjekt.
- Rasmus+ utvekslingsprosjekt med andre land rundt Nordsjøen.
- Kystkultur no!

## 9. VLFK gjev årleg tilskot til idrettsanlegg (spelemidlar)

Vestland fylkeskommune eig ingen kunstgrasbanar sjølv og er heller ikkje driver av noko kunstgrasbanar.

Vi har gitt spelemidlar til omlag 288 kunstgrasbanar – dette er alt frå små ballbingar til 64x100m kunstgrasbanar

Pr i dag så er det ikkje ekstra midlar for tiltak mot granulat på avvege. Kulturdepartementet har uttalt at ekstra midlar til dette ikkje vil kome frå spelemidlane, men bør kome frå eit anna departement.

I juli 2018 foreslo Miljødirektoratet ei ny forskrift for å hindre utslepp av mikroplast frå kunstgrasbanar. Dette var etter oppdrag frå Regjeringa og skulle tre i kraft frå 1. januar 2019. Forskrift er ikkje sendt ut på høyring, og vi har ikkje hørt noko meir om den etter at den vart foreslått. I forslaget føreslår Miljødirektoratet at det skal vere krav om fysisk barriere rundt bana, det skal vere god handtering av drens- og overvann og brukarane skal få informasjon om kva de kan gjere for å begrense utslepp.

Bergen har ei 7-ar bane med sand som fyll i staden for granulat. Ved kuldegrader har bana vore hard, men elles er dei godt nøgd med bana som ligg ved Kjøkkelvik skule. På Varden i Fyllingsdalen har Bergen kommune laga ringmur rundt heile den eine bane, dei har bygd gjerde rundt, og lagt inn rister og «børstestativ for sko» ved utgang frå bana. Dette var ekstra kostnad på 1,1 mill. Askøy skal og leggje ei 9'er bane utan ifyll.

NTNU forskar ein del på området, men dei er avhengig av støtte for å kunne følgje opp betre. Det er t.d. eit prosjekt kalla KG 2021 kor NTNU, Fotballforbundet, Kulturdepartementet og noko fylkeskommunar er med. Der har dei 5 kunstgrasbanar som testar forskjellig ifyll (ikkje granulat). Diverre er ingen av Vestlandsfylka med.

Norce har utført ei pilotundersøking for Bergen kommune på Stemmemyren for å sjekke kor mye granulat og mikroplast som var på avvege.

### Plastrelaterte prosjekt i RFF Vestlandet

Prosjektnamn	Prosjekteigar	Prosjektleiar	Støttebeløp
Kartlegging av mikroplast i bymiljø – mengder, kilder og spredning	Bergen kommune	Marte Haave, NORCE (Bergen)	3.000.000
Utvikling av rask og sensitiv metode for å bestemme mengder og sammensetning av mikroplast i drikkevann	IVAR IKS	Alessio Gomiero, NORCE (Stavanger)	100.000
Mikroplast i næringskjeden - påvirker mikroplast i jord planter og jordbiologi?	IVAR IKS	Alessio Gomiero, NORCE (Stavanger)	300.000
Mikroplast i næringskjeden - i hvilken grad er avløpsrenseanlegg en innfallsport for mikroplast til næringskjeden på land og vann	IVAR IKS	Alessio Gomiero, NORCE (Stavanger)	* 800.000
Utvikling av kartleggingsmetoder og estimat for oppryddingskostnader for makroplast i strandsonen	Fjell kommune	Eivind Bastesen, NORVE (Bergen)	500.000
Simultaneous mapping of microplastics and endotoxins as a potential work place hazard	IVAR IKS	Alessio Gomiero, NORCE (Stavanger)	100.000

Tabell ovanfor viser prosjekt som har fått midlar i frå regionalt forskingsfond 2017–2019

I gamle Sogn og Fjordane har vi gjeve spelemidlar til ei kunstgrasbane i Årdal kommune som ikkje har plasthaldig innfyll. Denne bana har også fått eit tilskot frå klimaomstillingsmidlane i gamle Sogn og Fjordane fylkeskommune.

Vi har også samarbeida med fotballkrinsen og Sparebankstiftinga Sogn og Fjordane med å plassere ut gummigranulatfangarar ved fleire lagseigde kunstgrasbaner i gamle Sogn og Fjordane. Alle lagseigde baner

har fått tilbodet, og mange (men ikkje alle) har fått dette på plass.

I tillegg har vi i det same samarbeidet valt ut 3 anlegg (Vik idrettspark, Eid idrettspark og Dingemoen idrettspark) som har fått tilskot (frå sparebankstiftinga og klimaomstillingsmidlar frå SFFK) til å etablere faste inn/utgangar til anlegget som har ristsystem med kostar for å koste av gummigranulat når ein går ut av bana.

## 10. Innovasjon og forsking

NOSCA (Norwegian Oil Spill Control Association) sine medlemmer har over 40 år med erfaring med oljevernberedskap, og jobbar nå med å utnytte erfaringa frå oppsamlung av oljesøl til utvikling av innovative løysingar for opprydjing av plastavfall og anna marin forsøpling. NOSCA – clean ocean fekk i 2019 klyngestatus. Ein søknadsprosess som fylkeskommunen finansielt har bidratt midlar til.

Etablere ein testarena ved Store Lungegårdsvann i Bergen, for utvikling og testing av teknologi relatert til opprydjing av marin forsøpling og plast i sjø, datafangst og undervising/praktisk opplæring av ulike interessegrupper. Prosjektet tek utgangspunkt i å teste og utvikle den

teknologien som fungerer best for å stogge ureininga frå plast i sprengsteinmassar i sjø. Det vil også jobbast med aktørar som kan vurdere utnytting av den oppsamla plasten som ein ressurs. Utvikle kommersialiserbare løysningar som kan samle opp plast som blir vaska ut av sprengsteinmassane.

Fylkeskommunen er part i begge disse aktivitetane i form av tilskotsmidlar og som kunnskapspartner i søknadsprosessane.

Regionalt forskingsfond (RFF) har delt ut 4,8 millionar kroner til plastrelaterte prosjekt fram til 2019.

## 11. Førebyggjande arbeid

HFK engasjerte i 2018 Kenneth Bruvik til å undervisa om marin forsøpling til elevar ved HFK sine vidaregåande skular. Dette utvikla seg til eit større prosjekt der også BOF, forskingsselskapet Norce og avfallssekskapa vart med. 1300 elevar og lærarar var med på dette frå 5 skular. Elevane fekk også tilbod om å vera med på ryddeaksjonar ute i naturen. Dette var så vellukka at vi gjennomførte tilsvarande i 2019 og håpar å få det til i fortsetjinga også.

Kenneth Bruvik i Norges jeger- og fiskeforbund fekk Miljøprisen til Hordaland fylkeskommune for 2016 for arbeidet med å få i gang strandrydding og rette søkerlyset på marin forsøpling.



Bildet til venstre viser foredrag om marin forsøpling hausten 2018 på Amalie Skram vidaregåande skule. Bildet til høgre viser tidligare prosjektleiar i Bergen og omland friluftsråd Gudrun Kristin Fatland, Marte Haave i frå Norce og Kenneth Bruvik frå TAM/NJFF. Foto: Sveinung Klyve


## 12. Vestlandsrådet

Vestlandsrådet engasjerte ein prosjektleiar i 50% stilling frå sommaren 2017 til sommaren 2019 og i full stilling siste halvdel av 2019, der det er løvd 1,1 millionar kroner til denne stillinga. Dette arbeidet har gjeve god effekt med gode tiltak som er sett i gang. Ein eigen plaststrategi for Vestlandsrådet var klar i 2019, Vestlandsrådet vil ta opp saka 17. juni 2020.

Prosjektet har styrka samarbeidet med dei tidlegare 4 fylka, som nå er tre, friluftsråda, fylkesmannen, næringssliv, forskrarar, avfallsselskap, offentleg forvaltning, og organisasjonar med faste møteplassar om temaet. Det har vore arrangert tre nasjonale samordningsmøte om marin forsøpling i Bergen i 2018, 2019 og 2020. Prosjektet har fått inn 4,8 millionar i eksterne midlar via samarbeidsaktørar.

Det initierast ei rekke prosjekter frå prosjektet berekraftige tiltak mot marin forsøpling i Vestlandsrådet. Der ein har fokusert på hovudområda: førebygging, strandrydding og rydding på havbunnen som illustrert i bilde nedanfor:

Ein har initiert og utarbeide prosjektskildringar til fleire ulike tverrfaglege samarbeidsprosjekt på tvers av forvaltning, næringssliv, forsking og organisasjonar. Eit eksempel er eit opprydningsprosjekt på der målet er å få naturen tilbake til sin naturlege stand i eit naturreservat



på Tysnes. Dette i samarbeid med forskarar, fylkesmannen, friluftsråd, renovasjonsselskap og næringssliv, finansiert via Handelens Miljøfond. I «plastfritt Naturreservat Tysnes» vil ein leggje til rette for å teste ut utstyr som sorterer og reinsar ut plast helt ned på mikroplast-nivå. Prosjektet vil hente ut mykje kunnskap ved å finne nullpunktet i eit forskarperspektiv for auka kunnskap og kunne gje positive synergieffektar til andre prosjekt.

Handelens Miljøfond har intensjon om å finansiere rydding av 40% av ytre kyst innan 2023, og har utlyst midlar til forskarar for å vurdere best mogleg måte å løye oppdraget på i ulikeregionar av norskekysten. Prosjektet til Vestlandsrådet er i dialog med Handelens Miljøfond vedrørande denne prosessen og.

Eit anna mål er å få etablert finansieringsmidlar til eit Nasjonalt Autonomt plastkart på land med NORCE, i samråd med SOMM, friluftsråd og andre aktørar.

Det er ynskjeleg å få tilrettelagt for eit digital

opplæringsopplegg med film om havets funksjon og plastens konsekvensar for miljøet i eit tverrfagleg læringsopplegg med film i samråd med Nasjonal digital læringsarena (NDLA).

## 13. Eu sin plaststrategi frå 2018

Plaststrategien vart lagt fram av Europakommisjonen 16. januar 2018. Plast vart identifisert som eit prioritert område i EUs handlingsplan for sirkulær økonomi frå 2. desember 2015. Kommisjonen forplikta seg i denne til å legge fram en strategi som tok opp utfordringane knytt til plast.

Kommisjonen uttrykker at desse konkrete tiltaka i strategien ikkje berre skal gjennomføre visjonen for ein meir sirkulær plastøkonomi, men også leggje grunnlaget for vidare handling i framtida.

Kommisjonen understrekar også at det er essensielt at alle aktørar bidreg, ikkje berre på EU-nivå – men nasjonalt, regionalt, industri og einskild personar.

- Forbod av utvalde eingongs artiklar i plast frå 2021
- Innan 2024 skal all plastemballasje anten vere gjenbrukbar eller mogeleg å resirkulerast på ein kostnadseffektiv måte.
- Innan 2030 skal meir enn halvparten av plastsøppel kunne resirkulerast.
- Innan 2030 skal sorterings- og resirkuleringskapasiteten firedoblast, dette skapar 200 000 nye arbeidsplassar over hele Europa.
- Meir resirkulering av plast vil redusere Europas avhengighet av fossilt brennstoff og kutte CO<sub>2</sub>-utslipp i tråd med forpliktelsene i Paris-avtalen.

## 14. Nasjonal strategi

Noreg har påtatt seg ein leder rolle i det internasjonale arbeidet mot plastforsøpling.

Noreg har tidlegare sagt at dei vil fylgja EU-sin strategi, men Klima- og miljøminister Ola Elvestuen sa i mai 2019 at dei vil gå føre EU og innføra forbod mot eingongsplast som eingongsbestikk og -tallerkenar, spisepinnar, sugerøyr, Q-tips og rørepinne m.m. innan sommaren 2020.



## 15. Bergen kommune sin handlingsplan

Bergen og andre større byar i landet har laga sine eigne plaststrategiar og handlingsplanar.

1. Bystyret ber byrådet utred om Bergen kommunes egen virksomhet kan bli plastfri.
2. Bystyret ber byrådet utred et lokalt forbud mot plastposer.
3. Det tillates ikke salg av heliumsbballonger på kommunal grunn i Bergen.
4. Det etableres en lokal støtteordning for gjennomføring av mindre ryddeprosjekter. Ordningsa vil rette seg mot lag og organisasjoner.
5. Innfasing av tiltakene i planen vurderes ifm. fremtidige budsjettfremleggelse.

## 16. Lenker til aktuelle dokument

- [https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/dfd/dokumenter/strategier/dfd\\_havstrategi\\_2019\\_norsk.pdf](https://www.regjeringen.no/globalassets/departementene/dfd/dokumenter/strategier/dfd_havstrategi_2019_norsk.pdf)
- <http://www.vestlandsraadet.no/framsida>
- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/plaststrategi-og-sirkular-okonomi-eu-kommisjonens-nye-mini-pakke/id2586954/>
- <https://ec.europa.eu/environment/circular-economy/>
- <https://ec.europa.eu/environment/circular-economy/pdf/plastics-strategy-brochure.pdf>
- [https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/marin\\_strategi\\_for\\_mn.pdf](https://www.uib.no/sites/w3.uib.no/files/attachments/marin_strategi_for_mn.pdf)
- <https://www.anskaffelser.no/nyhet/2018/10/ny-veiledning-difi-vil-plasten-til-livs>
- <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/utreder-forbud-mot-engangsplast/id2607610/>
- <https://publications.europa.eu/en/publication-detail/-/publication/33251cf9-3b0b-11e9-8d04-01aa75ed71a1/language-en/format-PDF/source-87705298>
- <https://www.fn.no/Om-FN/FNs-baerekraftsmaal>
- <https://miljostatus.miljodirektoratet.no/tema/hav-og-kyst/>
- North Sea Commision,Resolution on Marine Litter: Plastics Approved by the NSC Annual Business Meeting – 13th of June 2018 – Fredrikstad
- BOF Hordalandsmodell: <https://bof.avinet.no/WebServices/generic/Media.ashx/Download?uuid=d6c590a6-2f8d-409e-9572-3ff3833b4fc3>
- Bergen Kommune sin plaststrategi: <https://www.bergen.kommune.no/politikere-utvalg/api/fil/563293/Bergen-kommunes-tiltaksplan-for-a-unnga-plast-og-marin-forsopling>
- <https://www.anskaffelser.no/verktoy/veiledere/hvordan-redusere-plast-i-anskaffelser-og-bruke-plast-smartere>
- <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/regjeringen-varsler-forbud-mot-engangsartikler-av-plast-innen-ett-ar/id2643870/>
- <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/eu-vil-redusere-negative-miljoeffekter-fra-engangsplast-og-fiskeriutstyr-i-plast/id2602570/>
- [https://ec.europa.eu/environment/circular-economy/pdf/single-use\\_plastics\\_proposal.pdf](https://ec.europa.eu/environment/circular-economy/pdf/single-use_plastics_proposal.pdf)



Vestland  
fylkeskommune

[vestlandfylke.no](http://vestlandfylke.no)